

MØTEPROTOKOLL

Utval: Vik kyrkjelege fellesråd

Møtestad: Kyrkjestova i Vik

Møtedato: 18.5.22

Start kl 10.30 – 12.00

Til stades på møte:

Nestleiar Laila Sunde, Kari Haga, Frode Høgberg (vara), Karen Melhus, Marta Sofie Vange (vara) og Monica Midlang (vara)

Fråvær: Roy Egil Stadheim, Rolf Arne Olsen, Leif Eikeland, Endre Nese

Frå adm: Marit Andersen

Sak 07/22 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: ingen merknader

Samrøysta vedteke

Sak 08/22 Godkjenning av referat frå møtet 16.2.22

Vedtak: Møtereferat frå møtet 16.2.22 er godkjent

Samrøysta vedteke

Sak 09/22 Orienteringssaker

- Organisering av DNK, sjå eigen e-post vidaresendt frå Liv Kari Bru
- Orientering om dagleg drift
 - Mange innmeldingar om dåp og vigsle
 - Open kyrkje i Vik når det er anløp av cruise-skip. Dersom det er mange turistar i andre kyrkjer, kan det vere aktuelt å ha ope kyrkje der også. Oppmodar sokna om å vurdere og melde inn eventuelt behov.
- Markering av Madonna- statuen til Hove kyrkje
 - Oppmodar alle om deltaking i ulike arrangement

Sak 10/22 Val av leiar i fellesrådet

Vedtak: Leif Eikeland vert attvald som leiar og Laila Sunde som nestleiar i Vik kyrkjeleg fellesråd for kalenderåret 2022

Samrøysta vedteke

Tilråding frå admiinistrasjonen

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonen

Lovgrunnlag: Verksemde reglar §1.3 fastsatt av kyrkjelova

Saksopplysningar:

I tråd med reglar for verksemda skal leiar og nestleiar for fellesrådet veljast kvart år innan 1.januar. dette kom ikkje på sakskartet hausten 2021, og det er difor ikkje gjort val gjeldande for 2022. Det er likevel slik at sitjande leiar sit til det er valgt ny. Me er no komen så langt inn i 2022, at det er lite tenleg å gjennomføre val no.

Sak 11/22 Gravplassvedtekter

Vedtak: Forskrift om vedtekter for gravplassane i Vik kommune vert vedtekne slik dei ligg føre.

Samrøysta vedteke

Tilråding frå administrasjonen

Framlegg til vedtekter vert vedteke

Saksopplysningar

Sjå opplysningsar og vedtak i sak 04/22. Framlegg til vedtekter vart sendt Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark til godkjenning. Me fekk følgjande merknader:

Etter råd frå statsforvaltaren, vart saka sendt til Vik kommune til høyring. (vedlegg 1). Vik kommune handsama saka i formannskapet 5.5.22. (vedlegg 2). Administrasjonen har justert framlegg til vedtekter av 16.2.22 etter råd frå statsforvaltaren. vedlegg 3

Etter handsaming og nytt vedtak i Vik kyrkleig fellesråd, kan vedtektena på nytt sendast til statsforvaltaren for godkjenning. Me vonar på rask handsaming der slik at me kan starte opp arbeidet med tilbod til innbyggjarane om å feste grav.

Vedlegg

1. Høyringsdokument sendt Vik kommune
2. Melding om vedtak frå Vik formannskap
3. Revidert framlegg til vedtekter

Sak 12/22 Årsmelding og årsrekneskap for 2021

Vedtak: Årsmelding og årsrekneskap for 2021 Vik kyrkleig fellesråd vert teke til vitande og godkjent slik det er stadfesta i framlagt revisjonsmelding.

Tilråding frå administrasjonen

Årsmelding for 2021 for Vik kyrkleig fellesråd vert teke til vitande.

Årsrekneskap 2021 for Vik kyrkjeleg fellesråd vert teke til vitande under føresetninad av at rekneskapen vert godkjent av revisor.

Saksopplysningar

Åremelding for Vik kyrkjeleg fellesråd 2021 vart sendt ut til rådets medlemmer til gjennomlesing og godkjenning 7. mars 2022 med denne teksten:

Årsrekneskapen er avslutta og sendt til revisor til godkjenning. Årsrapporten er også no utarbeida. Me har ein frist til 20. mars med å utarbeida denne og ha den til godkjenning i fellesrådet. Årsrapport og rekneskapen vert lagt fram for fellesrådet når revisormeldinga er klar, men dette vil ta nokre veker enno.

Eg sender med dette ut meldinga til dykk for gjennomlesing. Dersom de har merknader, bed eg om at desse vert sendt meg innan søndag 13.3.22 slik at eg får redigert meldinga innan 20. mars.

Meldinga er tufta på den mal som har vore nytta, og godkjent tidlegare år.

Det kom ein merknad til årsmeldinga som gjeld ei korrigering undetr opplysningar om tilsette. Dette er retta opp i vedlagte dokument.

Vedlagt finn de rekneskapen til Vik kyrkjelege fellesråd for 2021 m/notar. Rekneskapen til Vik kyrkjelege fellesråd syner eit mindreforbruk på kr. 659 771,55 når bruk av disposisjonsfond er ført slik som budsjettet for 2021 (det var budsjettet med bruk av mykje ubunde fond, difor dette resultatet). Jf. Forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkje §17, 3 avsnitt, skal mindreforbruket reduserast så mykje som mogleg ved å stryke bruk av disposisjonsfond. I rekneskapen for 2021 har ein difor stroke kr. 659 771,55, og rekneskapen for 2021 er soleis gjort opp i 0 (ballanse).

I 2021, som tidlegare «korona»-år , har ikkje alle tilskotsmidlar til trusopplæring vorte nytta, men avsatt i fond. Avsette midlar til dette føremålet er pr 31.12.21 på kr 405 288 (fordelt på eit bunde- og eit disposisjonsfond).

Elles har Vik kyrkjeleg fellesråd ved årsskiftet eit disposisjonsfond til vedlikehald kyrkje på kr 454 873, og eit fritt disposisjonsfond på kr 395 617. Der er også eit ekstraordinært bunde fond vedlikehald kyrkjene på kr 90 078.

Vurdering

Årsrekneskapen vert lagt fram til Vik kyrkjeleg fellesråd utan revisjonsmelding. Denne vert sendt rådet så snart me har fått den.

Det store fondet til trusopplæring er ei uro for kyrkjeleg tilsette. Noko av grunnen til at fondet har bygd seg opp er redusert aktivitet sidan starten på 2020 grunna koronarestriksjonar. I tillegg har det i fleire år vore vakans i stillinga som trusopplærar/kyrkjelydspedagog. Det vert arbeidd med å auke aktiviteten blant barn og unge og administrasjonen vil koma tilbake til fellesrådet med sak om dette.

Økonomiske konsekvensar

Rekneskapen vert lagt fram i ballanse i tråd med nytt regelverk gjeldande frå 1.1.21.

Vedlegg

4. Årsmelding for Vik kyrkjeleg fellesråd
5. Årsrekneskap for Vik kyrkjeleg fellesråd

Sak 13/22 Tertiālrapport, rekneskap pr 30.4.22

Vedtak: Tertiāl rapport for Vik kyrkjeleg fellesråd pr 20.4.22. vert teke til orientering. Administrasjonen vert oppmoda om å vurdere kostnadsreduserande tiltak innan straumforbruk, særskilt i Vik kyrkje.

Tilråding frå administrasjonen

Tertiāl rapport for Vik kyrkjeleg fellesråd pr 20.4.22. vert teke til orientering

Saksopplysningar

Rekneskapsrapport pr 30.4.22 med framskriving av forventa forbruk pr 31.12.22 syner:

Lønsmidlar: Det er budsjettet med ein høgare aktivitet innan trusopplæring enn det som me har greidd å gjennomføre så langt i 2022. me har som formål å gjennomgå aktivitetsplanen vår og vurdere tiltak Bemanninga må vurderrast. Tilskotsmidlar som me får årleg er ikkje meint å avsetjast i fond, me må vitalisere denne tenesta vår og bruke dei midlar me vert tildelt.

Andre driftsutgifter og inntekter: På dei fleste postar ser ein at utgifter og budsjett nokolunde vil balansere. Som forventa vil utgifter til energi auke vesentleg i 2022. Vik kyrkjeleg fellesråd har same innkjøpsavtalen som Vi8k kommune har tinga fram. Dette gir oss ei betre utvikling enn det elles ville gjort. Tabellen under syner eit forventa overforbruk totalt på kr 180 000 for energi i kyrkjene våre.

Status og forventa forbruk energi 2022

	Regnskap	Budsjett	Framskriving	Forventa	% avvik
	30.04.2022	2022	31.12.2022	differanse	
KYRKJELEG ADMINISTRASJON					
10420 Vik Kyrkje	67	120	268	148	123%
10421 Arnafjord kyrkje	9	35	36	1	
10422 Vangsnes kyrkje	11	20	44	24	120%
10423 Feios kyrkje	6	20	24	4	20%
%10424 Fresvik kyrkje	9	30	36	6	20%
Sum	101	225	408	183	

vurdering:

Det ser ut som dei fleste driftautgifter og – inntekter vil gå i ballanse i 2022. det er ikkje budsjettet med store inntekter frå festeavgift. Tilbod om feste av graver vil gå ut før sommarferien, og i løpet av hausten vil me ha større kunnskap om økonomisk effekt.

Utgifter til energi vil verta ei utfordring i 2022 slik tabellen over syner. Nøktern vurdering av straumbruk er allereie eit tema. Det vert ikkje no tilrådd andre tiltak for straumsparing. Ny rapport vert lagt fram i september og eventuelle budsjett – endringar vert lagt fram til vurdering då.

Økonomiske konsekvensar

Saka vert vurdert i september og eventuelle tiltak og budsjett – endringar vert vurdert då.

Sak 14/22 Betaling for bruk av kyrkjene i Vik

Vedtak: Saka vert utsatt til neste møte

Samrøysta vedteke

Tilråding frå administrasjonen

Saksopplysningar

Om mogeleg vert denne saka ettersendt

Sak 15/22 Samordning av arbeid med helse, miljø og tryggleik

Avtale med Bjørgvin Bispedømme

Vedtak: Fellesrådet går inn for å inngå ein felles avtale om samordning av arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMT) mellom Bjørgvin bispedøme og Vik kyrkjelege fellesråd. Avtalen vert signert av leiar for fellesrådet og kyrkjeverge.

Tilråding frå administrasjonen

Fellesrådet går inn for å inngå ein felles avtale om samordning av arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMT) mellom Bjørgvin bispedøme og Vik kyrkjelege fellesråd, og gir kyrkjeverja fullmakt til å signere den framlagte avtalen på vegne av fellesrådet.

Lovgrunnlag:

Arbeidsmiljølova §3

Internkontrollforskrifta § 5

Saksopplysningar

Bjørgvin bispedøme ynskjer å inngå ein felles avtale om samordning av arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMT) mellom bispedømet og fellesrådet. Det er krav til verksemda å ha oversikt over verksemda sin organisasjon, under det korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeid med helse, miljø og tryggleik er fordelt.

Avtalen skisserer opp kven som har ansvar for kva og kva som er felles ansvar. Det same gjeld for avvikshandtering og informasjonsflyten mellom verksemndene. Det skal mellom anna setjast ned ei samordningsgruppe for arbeidsmiljøet som er samansett av prost, kyrkjeverje og verneomboda for dei to verksemndene. Gruppa skal møtast jamleg eller når gruppa sine medlemmar krev det.

Vurdering

Denne avtalen er viktig for vårt felles arbeid for å sikre gode vilkår for arbeidstakarane i Vik kyrkjeleg fellesråd. Den medfører også at me må intensivere og systematisere vårt arbeid lokalt.

Vedlegg

6. Framlegg til avtale

Sak 16/22: Ymse

Ingen saker.

18.5.22

Marit Andersen ref.